



Protokoll Årsmøte i Ørsta idrettslag

19.03.2018

Sak 1: Godkjenning av røysteføre

24 frammøtte godkjent

Sak 2: Godkjenning av innkallinga, forretningsorden (møtereplane) og saklista

Innkallinga:

Lagt ut informasjon på ØIL si heimeside 15.02.18, og annonse innsett i Møre-Nytt 20.02.18.

Vedtak: Årsmøtelyden godkjenner innkallinga.

Forretningsorden (møtereplane):

1. Ingen har til vanleg rett til meir enn 3 innlegg i same sak. Ordstyrar kan gjere framlegg om avgrensa taletid og/ eller strek for dei innmelde talar. Replikkar og merknadar til forretningsorden skal vere korte.
2. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar og vere underteikna av framleggar(ane).
3. Etter at strek er sett, eller at saka er teken opp til røysting, kan tidlegare framlegg ikkje trekkast tilbake- og nye framlegg kan ikkje settast fram.
4. På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om lovending som ikkje er oppført på utsend/ kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med røysterett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning i saklista.
5. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avgjevne røyster, med dei unntak som er fastsett i lova. Ved røystelikskap fell framlegget. Blanke røyster tel ikkje, og røysta vert rekna som ikkje avgjeven. Dette gjeld ikkje personval.
6. Ved personval skal det til vanleg vere skriftleg avrøysting, og alle røyster, også blanke røyster, skal protokollerast. For å bli valt, må ein kandidat ha minst halvparten av dei avgjevne røystene, blanke røyster irekna.
7. Framlegg og vedtak vert førde inn i møteboka, med talet på avgjevne røyster for og mot.
8. Forretningsorden skal følgje sakspapira til kvart årsmøte.

Vedtak: Årsmøtelyden godkjenner forretningsorden.

Sakliste (i samsvar med lov for ØIL):

Vedtak: Årsmøtelyden godkjenner saklista

Sak 3: Val av ordstyrar, møtesekretær og to representantar til å skrive under protokollen

Val av ordstyrar

Olav Sindre Kriken

Val av møtesekretær

Ingelin Fagervoll

Val av to representantar til å underteikne protokollen

Porshad Hafezi og Marita Borgen

Val av teljekorps

Gunnar Knutsen og Torbjørn Krøvel

Sak 4: Handsaming av idrettslaget si årsmelding frå styret og gruppene

Vedtak: Styret si årsmelding vert godkjent. Årsmeldingane for gruppene vert tekne til vitande

Sak 5: Handsaming av idrettslaget sin rekneskap i revidert stand

Vedtak: Årsmøtet godkjenner revidert rekneskap for 2017.

Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker:

- Oppretting av innebandy-gruppe. Det er starta innebandy for 5-6 åringar dette skuleåret. Dei har trening på Vikemarka, under leing av Tomas Trogstad. Dei har vunne draktsett, og skal på turnering om kort tid. I den nye fleirbrukshallen vil dei få gode rammer.

Vedtak: Årsmøtet vedtek oppstart av innebandy-gruppe og innmelding i Norges bandyforbund.

- Kunstgras på stadion, alternativt ny kunstgrasbane over elva. Saka er innmeldt av fotballgruppa, sjå eige vedlegg.
Hovudstyret meiner saka treng meir utgreiing, også når det gjeld økonomi. Ein ser at fotball treng meir banekapasitet, men friidrett skal også ha gode rammer for framtida.

Fotballgruppa si tilråding til vedtak:

Årsmøtet gjev ØIL AU, friidrett og fotball mandat til å velje henholdsvis: AU 1 representant, friidrett og fotball 2 representantar kvar innan 1.april 2018, som skal utgjere ei prosjektgruppe.

Prosjektgruppa sitt mandat er følgjande: Prosjektgruppa skal utarbeide moglegheiter for å flytte friidrett sitt kastområde på Ørsta stadion til eit nærliggande område som i varetek friidrett sine interesser på ein tilfredsstillande måte. Dette vil då gi ØIL moglegheit til å etablere kunstgrasdekke på Ørsta stadion for å auke talet på brukstimar. Dette vil også bidra til å redusere manglande tilgang på brukstimar/banekapasitet for fotballgruppa.

Prosjektgruppa har frist til 1/9-18 å presentere ei tilråding for ekstraordinært Årsmøtet.

Styret si tilråding til vedtak:

Årsmøtet pålegg styret å greie ut alternative løysingar for anlegg til fotball og friidrett. Saka skal opp i ekstraordinært årsmøte 3/9 -2018.

Etter diskusjon og avstemming kom årsmøtet til følgjande:

Vedtak: Årsmøtet pålegg styret å greie ut alternative løysingar for anlegg til fotball og friidrett. Saka skal opp i ekstraordinært årsmøte 3/9 -2018.

Sak 7: Fastsetje medlemskontingent, og treningsavgift

Styret har forslag om uendra medlemsskap for 2018:

Familie kr 400,- (rabattordning, laget har berre personlege medlemmer)

Vaksne (over 18 år) kr 200,-

Born kr 100,-

Støttemedlem kr 100,-

Gruppestyra får fullmakt til å fastsetje treningsavgift for gruppa si aktivitet.

Vedtak: Årsmøtet vedtek forslaget

Sak 8: Vedta idrettslaget sitt budsjett

Vedtak: Årsmøtet godkjenner dei framlagde budsjett for Hovudlaget, klubbhuset, stadion og gruppene. Styret får fullmakt til å godkjenne mindre budsjettendringar i løpet av arbeidsåret.

Sak 9: Handsame laget sin organisasjonsplan og anleggsplan

Anleggsplanen var sist handsama og godkjend av ordinært årsmøte i Ørsta idrettslag mars 2017.

Planen gir oversikt over aktuelle anleggsutbyggingar i laget dei næraste åra. Med bakgrunn i innmeldte planar, behov og ynskjer frå gruppene. Planen er også grunnlag for laget si innmelding av anleggsplanar til kommunen, og der gjennom også plassering/ prioritering i handlingsprogrammet til "kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet".

Planen er todelt:

1. Prioriterte anlegg

Dette er anlegg som er prosjekterte, godkjende og klare for realisering.

- Vatningsanlegg/drenering/mur rundt kunstgrasbana (oppstart 2017).

2. Uprioriterte anlegg

Dette er anlegg som er innmelde med bakgrunn i behov og ynskjer. Tekniske planar, kostnad, finansieringsplan, grunnavtale mv er ikkje utarbeidd og klargjort. Såleis kan årsmøtet ikkje ta stilling til godkjenning og prioritering.

- Tribune/ garderobe ved langside kunstgrasbana.
- Skileikanlegg Bondalseidet.
- Hoppbakkar Bondalseidet.
- Rulleski/ rullestølløype Bondalseidet.
- Utelys ved fotballhallen og kombibygget.
- Fotballbane/fotballhall på Mosflata
- Garasje ved kombibygget
- Oppgradering av løpebane, stadion
- Startbud Bondalseidet, alpin - NY
- Rehabilitering grasbane Ørsta stadion, eventuelt kunstgras. Ved eventuelt kunstgras på stadion vert kastsektor friidrett flytta til ny grasbane over elva (sjå innmeld sak) – NY
- Sørvisbygg med garderobe/dusj mellom kombibygget og elva – NY
- Oppgradering (m.a. asfalt) av området mellom kunstgrasbana, Kiwi-hallen, kombibygget og stadion. Det blir også tilrettelagt for oppsamling/deponi av granulat frå kunstgrasbana – NY
- Nytt kunstgrasdekke Kiwi-hallen - NY

Eit kvart anlegg skal godkjennast og dernest prioriterast av årsmøtet før utbygging kan ta til. Anleggsplanen skal i tråd med lovene handsamast i årsmøtet eller i ekstraordinært årsmøte i laget.

Vedtak: Årsmøtet går inn for den framlagte anleggsplanen.

Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan

Ikkje forslag til endring.

Vedtak: idrettslaget sin organisasjonsplan vert vidareført i 2018.

Sak 10: Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslaget sin rekneskap

Grunna omsetnad over 5 millionar i 2018, er det krav til bruk av godkjent/registrert revisor. Dag Bratteberg er engasjert som revisor for rekneskapen 2017. Styret sitt forslag er at han får halde fram i 2018.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt forslag til revisor.

Sak 11: Gjere følgjande val:

- a) På val i AU: Leiar, økonomileiar og eit styremedlem
 - a. Leiar- Erlend Andersen – 1 år
 - b. Økonomileiar – Per Bjarne Flusund Skarstein – 1år
 - c. Styremedlem – Silje Indrearne 2år
- b) På val: 2 varamedlem
 - a. Vara 1 – Olav Sindre Kriken – 2 år

- b. Hjørdis Almelid Vikenes – 1år
- c) Andre val i høve til vedteken organisasjonsplan.
 - a. Formalisere hovudstyret i ØIL. Styret i ØIL er samansett av arbeidsutvalet (AU) samt 1 representant frå kvar gruppe (til vanleg leiaren).
 - b. Godkjenning av dei valde gruppestyra.
 - c. Val/godkjenning av styre for klubbhuset.
 - d. Val/godkjenning av anleggsgruppe.

Vedtak: Årsmøtet gir Hovudstyret fullmakt til å godkjenne dei gruppestyra som ikkje er klare til årsmøtet

- d) Kontrollkomitè med minst to medlemar. Eitt medlem på val i år
 - a. Per Inge Liadal – 1 år
 - b. Per Martin Torvik – 2 år
- e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett, eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.

Vedtak: Styret får fullmakt til å velje representantar til ting og møter. Leiaren får fullmakt til å godkjenne utsendingar frå gruppene.

Vedtak : Styret får fullmakt til å velje representantar til ting og møter. Leiaren får fullmakt til å godkjenne utsendingar frå gruppene.

- f) Valkomitè. Val i samsvar med rulleringsplan: Handball (3.året), Trim (2.året) og fotball (1.året), langrenn (vara). Gruppene vel sjølv sin faktiske representant og melder frå til AU innan 1.mai 2018.

Sak 12: Utmerkingar: Æresmedlemskap, innsatspokal, leiardiplom og merksemd for avtroppande hovudstyremedlemar


Det blir delt ut tre utmerkingar i årsmøtet

Administrativ innsatspokal: Trine S. Skjeret

Æresmedlem: Jon Olav Kriken


Merksemd avtroppande hovudstyremedlem: Hilde Ø. Lundberg

Signering av protokoll:



Porshad Hafezi

19.03.2018



Marita Borgen

